

Arbeidsmarkedet nå – august 2011


"Arbeidsmarkedet nå" er eit månadleg notat frå seksjon for Utredning i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skrive av Jorunn Furuberg Jorunn.Furuberg@nav.no, 2. september 2011.

Fleire arbeidslause i august

Ved utgangen av august var det registrert 71 300 heilt arbeidslause hos NAV, dette svarer til 2,7 prosent av arbeidsstyrken. Samanlikna med august i fjor er det 4 800 færre arbeidslause, ein nedgang på 6 prosent.

Dei sesongkorrigerte tala viser at det har vorte 300 fleire arbeidslause i løpet av august. Summen av heilt arbeidslause og deltagarar på ordinære tiltak har auka med 1 300 den siste månaden. Samstundes har talet på nye ledige stillingar gått ned dei siste månadane sett under eitt, og talet på nye arbeidssøkjarar som melder seg til NAV har auka litt. Samla viser dette at etterspurnaden etter arbeidskraft er svakare enn tidlegare i år.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause, summen av ordinære tiltaksdeltakrarar og registrerte heilt arbeidslause og arbeidslause ifølgje arbeidskraftsundersøkinga (AKU) til Statistisk sentralbyrå. Sesongjusterte tal. Januar 2001 – august 2011.



Kjelde: NAV og SSB


Fleire nye arbeidssøkjarar

Dei siste fire månadene har tilgangen av nye arbeidssøkjarar¹ vist ein aukande tendens. Sjølv om auken har vore litt svakare den siste månaden, er dette eit signal på at det no er fleire som

¹ Inkluderer heilt arbeidslause, delvis arbeidslause, ordinære tiltaksdeltakrarar og andre arbeidssøkjarar.

blir arbeidslause. I august var tilgangen på nye arbeidssøkjarar per yrkedag på same nivå som i august i fjor.

Figur 2. Tilgang av arbeidssøkjarar per yrkedag og tilgang av ledige stillingar per yrkedag.² Trend. Januar 2002 – august 2011.



Kjelde: NAV

Færre nye ledige stillingar

Dei fem siste månadene sett under eitt har tilgangen på nye stillingar vist ein avtakande trend. Dette tyder på at etterspurnaden etter arbeidskraft no er svakare enn i starten av året. I august var det ein nedgang i talet på nye ledige stillingar på tre prosent. Nedgangen var sterkest innafor jordbruk, skogbruk og fiske (-21 %) og innan kontorarbeid (-17 %). Innafor bygg og anlegg (31 %) var det ein sterk auke i talet på nye ledige stillingar.

Utviklinga i norsk økonomi

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at Bruttonasjonalproduktet(BNP) for Fastlands-Noreg auka med 1,0 prosent frå 1. til 2. kvartal i år. Veksten skuldast først og fremst auka kraftproduksjon og auka aktivitettenesteytande næringar. Både offentleg og privat konsum auka, medan det var ein nedgang i industriproduksjonen på 0,2 prosent.

Konjunkturbarometeret til SSB for 2. kvartal viser at industriverksemndene samla ventar ein stabil auke i produksjonen for inneverande kvartal. Dette skuldast først og fremst auka innanlandsk etterspurnad, medan ordretilgang og prisvekst i eksportmarknadane flatar ut.

² Omfattar stillingar utlyst i media, registrert av arbeidsgjevarar på nav.no eller meldt til NAV.

Førebelse tal frå SSB viser at igangsette bygg, rekna i bruksareal, var 20 prosent høgare i første halvår i år samanlikna med same periode i fjor. Det var særleg bustadbygginga som bidrog positivt med ein vekst på 39 prosent i perioden.

Veksten i norsk økonomi er først og fremst driven av innanlandsk etterspurnad og høg aktivitet i byggsektoren. Ein eventuell vedvarande høg norsk kronekurs, og lågare vekst i land som vi eksporterer varer og tenester til, kan leggja ein dempar på veksten i norsk eksportindustri i tida framover.

Utviklinga internasjonalt

Den økonomiske situasjonen internasjonalt er prega av høg statsgjeld i ein del av landa i eurosena og USA. Mange land strammar inn på offentlege budsjett for å betra gjeldssituasjonen, noko som isolert sett verkar dempande på veksten i økonomien. Uvisse om dei gjeldstynga landa klarer å handtera situasjonen har ført til uro i finansmarknadane kring i verda og frykt for ei ny finanskrise. Den internasjonale økonomiske veksten vi har hatt er no i ferd med å stoppa opp i mange land.

I USA vaks BNP med 1,0 prosent i 2. kvartal i år, målt i årleg rate. Dette er litt høgare enn i 1. kvartal, men likevel langt lågare enn same kvartal i fjor (3,8 %). Arbeidsløysa var 9,1 prosent i juni og det var nullvekst i sysselsetjinga i 2.kvartal.

OECD sin leiande økonomiske indikator viser at den sterke økonomiske veksten vi har hatt dei siste åra i dei framveksande økonomiane som Kina og India, no er i ferd med å minka. Dette er store økonomiar, og lågare vekst i desse landa vil gi negative ringverknader i verdsøkonomien.

I eurosena samla har veksten i BNP flata ut i 2011 og er no klårt lågare enn same tid i fjor. Arbeidsløysa er framleis høg og har halde seg på 9,9 prosent dei siste fem månadene. OECD sine leiande økonomiske indikatorar viser ein nedgang i veksten i eurosena samla, dette gjeld også dei store økonomiane som Tyskland og Frankrike.


Også i Storbritannia viser leiande indikatorar frå OECD ein nedgang i den økonomiske veksten.

Arbeidsløysa går mest ned innan bygg og anlegg

Samanlikna med august i fjor er det no 21 prosent færre arbeidslause med bakgrunn frå bygg og anlegg. Også innan ingenør- og ikt-fag har arbeidsløysa minka kraftig det siste året (-20 %). Arbeidsløysa held fram med å auka mest i yrkesgrupper med mange tilsette i offentleg sektor. Auken er sterkest innan barne- og ungdomsarbeid der det no er 12 prosent fleire arbeidslause enn på same tid i fjor. Innan undervisning har arbeidsløysa auka med 10 prosent i same periode.

Arbeidsløysa er høgst innan barne- og ungdomsarbeid med 4,2 prosent og innan industriarbeid med 3,9 prosent. Lågast arbeidsløyse finn vi blant leiarar og innan ingenør – og ikt-fag, begge med 1,1 prosent.

Figur 3. Prosentvis endring i talet på heilt arbeidslause etter yrkesbakgrunn. August 2010 – august 2011.



Kjelde: NAV

Barne- og ungdomsarbeid

I denne yrkesgruppa har veksten i arbeidsløysa vore sterkest blant dagmammaer, praktikantar og liknande, med ein auke på 15 prosent. Også blant barne- og ungdomsarbeidarar har det vore ein monaleg vekst i talet på arbeidslause (12 %).

Undervisning

Sjølv om arbeidsløysa innan undervisningsfag har auka med 10 prosent samanlikna med same tid i fjar, er det få arbeidslause i denne yrkesgruppa (1,4 %). Arbeidsløysa har auka mest blant førskolelærarar og grunnskolelærarar, begge grupper med ein vekst på 16 prosent.

Bygg og anlegg

Innan bygg og anlegg er arbeidsløysa lågare enn same tid i fjar i alle yrkesgrupper.

Nedgangen har vore strekast blant elektrikarar (-38 %) og røyrleggjarar (-26 %). Også i yrkesgruppene snikkarar og tømrarar og andre bygningsarbeidarar har det vore ein nedgang i arbeidsløysa på minst 20 prosent i perioden.


Industriarbeid

Ved utgangen av august er det 31 prosent færre arbeidslause støyparar, sveisarar, platearbeidarar og liknande enn på same tid i fjar. Også blant automatikarar og elektriske montørar (-20%), mekanikarar (-16 %) og hjelpearbeidarar (-16 %) er det vesentleg færre arbeidslause enn på same tid i fjar.

Nedgangen i talet på nye arbeidslause har stoppa opp


Samanlikna med august i fjor var det ein liten vekst (1 %) i talet på arbeidslause som har søkt arbeid i mindre enn 4 veker. Veksten har vore sterkest innan undervisningsarbeid (20 %) og innan barne- og ungdomsarbeid (13 %), medan bygg og anlegg (-17 %), industriarbeid (-12 %) og ingeniør- og ikt-fag (-12 %) har hatt den kraftigaste nedgangen.

Figur 4. Registrerte heilt arbeidslause med mindre enn 4 veker varigheit som arbeidssøkjar, etter yrke. Prosentvis endring august 2010 – august 2011.



Kjelde: NAV

Figur 5. Prosentvis endring i talet på registrerte heilt arbeidslause etter arbeidssøkjarvarigheit. August 2010 – august 2011.



Kjelde: NAV


Det er no registrert 36 prosent fleire arbeidslause som har søkt arbeid i to år eller lengre. Dette tyder på at mange av dei som blei arbeidslause under nedgangskonjunkturen i kjølvatnet av finanskrisa framleis slit med å finna nytt arbeid.

Høgast arbeidsløyse i Telemark

Arbeidsløysa har gått ned i dei fleste fylke det siste året, men det har vore ein auke i arbeidsløysa i fem fylker. Størst nedgang i arbeidsløysa har det vore i Oslo (-16 %), Sogn og fjordane(-14 %) og i Sør-Trøndelag(-11 %). Arbeidsløysa har auka mest i Telemark (10 %) og i Vestfold (4 %).


Ved utgangen av august er arbeidsløysa høgast i Telemark(3,6 %) og i Finnmark (3,5 %), medan arbeidsløysa er lågast i Sogn og Fjordane (2,0 %) og i Rogaland(2,1 %).

Figur 6. Prosentvis endring i talet på heilt arbeidslause etter fylke. August 2010 august 2011.



Kjelde: NAV

Figur 7. Arbeidslause i prosent av arbeidsstyrken etter fylke. August 2011.




Kjelde: NAV

Færre arbeidslause polakkar

Figur 8 viser talet på arbeidslause etter statsborgarskap for nokre av dei landa som er mest aktuelle for arbeidsinnvandring. Arbeidsløysa har auka mest blant latviarar(28 %) og litauuarar(24 %), medan nedgangen har vore sterkest blant finske(- 36%) og tyske statsborgarar(-16 %). Polakkar utgjer ei stor gruppe av arbeidsinnvandrarar. Ved utgangen av august er det 13 prosent færre arbeidslause polakkar enn for eitt år sidan.

Figur 8. Registrerte heilt arbeidslause etter statsborgarskap. Talet på personar i august 2011 og prosentvis endring frå august 2010 til august 2011.





Kjelde: NAV

Spesielle tilhøve ved månadsoppdateringa

Det er ingen kjente spesielle tilhøve som påverkar månadstala for arbeidsmarknaden i august.


Figurvedlegg

Figur 9 og 10. Utviklinga i summen av registrerte heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar innan yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2008 – august 2011. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigerte tal.



Kjelde: NAV

Figur 11. Utviklinga i summen av registrerte heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2008 –august 2011. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigerte tal.



Kjelde: NAV